

## Nasjonal Samling

Under okkupasjonen kan vi i Volda som andre stader grovt sett tale om tre ulike frontar eller meiningsgrupper.

På den eine sida finn vi det vi med eit romsleg samleuttrykk kan kalle *jøssingane*. I startfasen vart dette ordet brukt i smal og nedsettjande meining av okkupantane og NS, som eit uttrykk for naive, kongetrugne nordmenn. Då ordet «jøssing» slo gjennom hausten 1941, vart omgrepet etter kvart brukt langt meir omfattande og inkluderande. Det omfatta då etter kvart alle nordmenn som stod på «den rette sida». Likevel var det klare nyansar. Det var radikale eller aktivistiske jøssingar, og meir moderate eller måtehaldne. Somme var svært synlege, andre var meir usynlege. Somme var aktive i den sivile eller militære motstandskampen, andre var meir passive. Dampskips ekspeditør Paul Myhre vart av motparten kalla «jøssinghovding», og var klart synleg for alle. Andre verka meir bak kulissane, t.d. sakfører Georg Rønnestad. Atter andre var leiarar for sentrale etatar og insituisjonar. Dette galdt t.d. postmeister Grebstad, overlege Gjessing og telegrafstyrar Rinnan, som styrte kvart sitt viktige jøssingreir. Harry Høydalsnes kallar telegrafstasjonen for «Volda høgnasjonale klubb», og hevdar at tyskarane aldri torde tru seg til denne stasjonen med telefon samtalar.<sup>71</sup>

Eit godt døme på det same er skrivargarden i Volda, som under krigen var ein jøssingbastion som verken NS eller okkupasjonsmakta

kom nokon veg med. Skrivarembetet hadde frå gammalt av ein innebygd autoritet i seg, og denne fortapte seg på ingen måte under krig og okkupasjon. Aksel Blom (f. 1880) kom til Volda som sorenskriver i 1934. Han var opphavleg frå Sarpsborg, og hadde praktisert som sakfører nokre år i Kragerø før han kom til Volda. I den første fase av okkupasjonstida hadde han Nils L. S. Jakobsen ved sida av seg som sorenskriverfullmektig. Det var eit uvanleg sterkt jøssingpar. Det finst døme på at frimodige jøssingar som først var melde og bøtelagde ved lensmannskontoret, i neste omgang etter anke vart blankt frikjende i Søre Sunnmøre heradsrett (jf. s. 278). Sorenskriver Blom gjorde som han ville. Han hadde bilde av kong Haakon på veggene og han heiste det norske splittflagget utandørs når det passa han. Alt dette gjekk så vidt at NS i Volda heldt Blom og skrivargarden mistenkt for å vere ein sentral som dreiv systematisk anti-NS-propaganda. «Herr Blom holder seg for det meste bak kulissene og optrer sjelden offentlig, men hans frue, som ved nærmere undersøkelser antagelig vilde vise en stor prosent jødeblod, er stadig optatt med å tråle bygda rundt i spesielle oppdrag ... dommerfullmektig Jacobsen ... er en ivrig medarbeider i dette redet mot NS.»<sup>72</sup>

Til høgre for jøssingfronten finn vi *eit politisk sentrum* som i stor mon var prega av anten pragmatisme eller opportunisme, eller helst ein kombinasjon av begge delar. I eit bygdesamfunn som Volda var dette mellomsjiktet ikkje særleg stort, og det vart stadig mindre. Grunngevingane for denne meir nøytrale mellomposisjonen kunne vere høgst ulike frå person til person. Somme meinte det ikkje trongst grunngeving i det heile, og at dei ikkje stod til svars for nokon. Dei tedde seg som politisk indifferente, og siglde på den bølga som til kvar tid var mest lønsam. Å handle eller arbeide saman med okkupanten vart i eit slikt sentrum ikkje sett på som kritikkverdig, kanskje snarare tvert imot.

Etter kvart som motsetningane hardna til og polariseringa nærmast vart trugande, og særleg etter at krigslukka snudde seg i favør av dei allierte, redda store delar av sentrum seg over i jøssingflokk. Dei som var att, vart kalla «stripete», eit omgrep som vart brukt meir og meir ut



Canutta Barbara («Lulla») Blom (f. 1894), husmor.

gjennom krigsåra. Ein «stripete» kunne gå temmeleg langt i sin NS- eller Tyskland-sympati utan å ta steget fullt ut med å melde seg inn.


Til høgre for sentrum finn vi endeleg den gruppa som definitivt plasserte seg «på den andre sida», der kriteriet er *NS-medlemskap*. Også her finn vi i eit stort spenn, frå ekte overtyding til meir luftig opportunnisme. Allment sett kan vi skilje mellom aktive og meir passive NS-medlemmer. Dei passive var slike som var medlemmer berre på papiret, anten for skuld husfreden eller andre meir eller mindre kvidesame grunar. Den aktive fraksjonen kan vi igjen dele i to: ein meir radikal eller aktivistisk NS-fløy, og ein meir moderat og måtehalden.

I utgangspunktet må vi rekne med at det å teikne seg som NS-medlem var eit resultat av ei gjennomtenkt handling og ikkje eit tilfeldig hugskot. Fleire av NS-medlemene i Volda var reflekterte og samfunnsmedvitne menneske. Eit viktig trekk er at fleire av dei hadde hatt utdanning, læretid og ungdomsrøynsler i Tyskland. Dette galdt t.d. P. L. Langlo, som var aktiv NS-mann lenge før krigen. Maurits Aarflot var i mellomkrigsåra ein overtydd agrarnasjonalist innanfor bondelagsrørsla og Bondepartiet. Ikkje sjeldan kunne ein slik posisjon bikke beint over til NS. Den arbeidslause og skarpskodde artianaren Per Heltne tykte at heile verda heldt på å gå av hengslene, og at verken borgarsamfunnet eller kommunistisamfunnet kunne gjere noko frå eller til. Noko anna tykte han det var med Tyskland og den dåderike nazismen. Han resonnererte som slik at anten ein likte nazismen eller ikkje, var NS likevel den rørsela som kunne gje Noreg dei beste vilkåra når tyskarane likevel før eller seinare ville vinne krigen. Eit anna utfall var både utenkt og uhøyr.

Tre unge menn var så gripne av denne budskapet at dei var viljuge til å våge livet sitt for Hitler-Tyskland.

### *Brev frå Nordfronten*

Ein av dei tre var gymnasiasten Johan Flote, som kom skeivt ut i høve til leiinga ved Volda landsgymnas (jf. s. 163 f.). Det var forresten ikkje berre i Volda det var frontar og frontavsnitt. Våren 1943 melde Flote seg som friviljug frontsoldat. Han fekk først eit par månaders grunnutdanning i Tyskland før han vart send nordover til Finland og vidare austover til fronten. I Russland låg han eit par månader to-tre mil bak hovudkamplinja medan han fekk resten av grunnutdanninga. Gradvis



*Nordfronten 7.3.1944, det norske 2. politikompani. Falne sovjetiske soldatar dagen etter trefning. Johan Flote (f. 1925) melde seg våren 1943 til 2. politikompani, underlagt Den norske Skijegerbataljonen som opererte på Nordfronten. Flote berga seg gjennom, men dei to andre frontsoldatane frå Volda kom aldri att. Olav Heltne (f. 1924) melde seg tidleg i krigen til Divisjon Wiking som opererte på austfrontens sørlege del - Ukraina, Kaukasus. Divisjonen var samansett av regimenta Nordland, Vestland og Germania. Heltne kom til regiment Germania - 7. kompani. Han fall 22. juli 1941, berre 16 1/2 år gamal, i Tarasjøsja ved Tarnopol og vart gravlagd sør for Kiev. Kjell Schumann (f. 1925) melde seg til Skijegerbataljonen og kom til 3. kompani som opererte på Nordfronten. Han var ein av dei mange det gjekk gale med då russarane sette inn storoffensiven 25. og 26. juni 1944. Sakna eller fall 25.6.1944 på hogda Kaprolat i Karelen.*

vart han og kameratane hans flytta nærmare kamplinja. 3. januar 1944 vart han plassert ved eit støttepunkt som var hardt utsett.

Derifrå skreiv han 29. januar til ein kampfelle i Volda: «Eg hev vore med berre på ein treffning til no og det var den 15 d.m. Me var omlag like sterke på begge sider sirka 100 mann på kvar post. Det var nokso heitt eit par timars tid, men tilslutt måtte russarane trekke seg

tilbake med ca 30–40 falne ... Krigen her er ikkje nokon vanleg stillingskrig, men ein kan heller samanlikne den med indianarkrig. Det er til å lure seg inn på kvarandre og den som er mest full av revestekar, list og fanskap er den som dreg av med sigeren ... I desse tette skogane er det og uhyre vanskelegt å slåst for dei er so tette og myrke at ein ser ikkje meir enn ein 50–75 m framfor seg ... ein kjem kloss innpå kvarandre før ein ser fienden so ein får ikkje so mange minuttane og tenkje seg om før det smell.»

Frontsoldaten frå Volda fortel at han likar seg «på ein måte bra her og tida går trass alt noko fort». Til no har dei vore heldige med vinteren, endå det ein kort periode var bitande kaldt med temperatur under førti grader. «Me hev nokk hatt mang ein kald tørn og det hev ikkje vore fritt for forfrysningar. Eg hev sjølv forfroset høgrefoten ein liten grand og mest alle fingertuppane.» Det er vanskeleg å halde seg «a jour» med det som hender heime i Noreg. Han har høyrte om møtet mellom Hitler og Quisling i tysk radio, og ser fram til ein endeleg fred mellom Tyskland og Noreg («det hev eg ikkje noko imot»). Han nekter ikkje for at han ser fram til å kome heim att.

«Korleis går det på skulane forresten? Vonar at eg kan få høve til å vere i Volda litt når eg kjem tilbake so eg kan få terge rektor Riste litt. Korleis går det med partiarbeidet ... Høyrer snakk om at du var avstad og arresterte Langlo i sumar. Ja han var vel ikkje noko vidare blid då kan eg tenkje meg, det var berre so syrgjeleg at han vart slept på frifot att. Hadde han berre vorte sitjande so kunna det nokk heilt sikkert vorte mykje rolegare i Volda.»<sup>73</sup>

### *Eit regionalt parti*

Nasjonal Samling (NS) var før krigen eit lite, men regulært politisk parti, skipa 17. mai 1933. Etter okkupasjonen kan vi kanskje seie det vart irregulært, eller i alle høve privilegert, då det i september 1940 fekk monopolstatus i Noreg. Dermed kom NS i ei særstilling i høve til okkupasjonsmakta, som utvald medarbeidar og politisk murbrekkar for å gjennomføre ei nasjonal-sosialistisk nyordning i Noreg.<sup>74</sup> Det argaste med NS i Noreg er at det på den eine sida var eit parti, på den andre eit klart anti-partiparti, skapt nettopp for å omstyrte det parlamentariske fleirpartisystemet med eit omfattande førar- og autoritetsprinsipp.<sup>75</sup>

Som lekk i oppgjeret med Nasjonal Samling etter krigen vart det bygd opp eit arkiv som inneheldt opplysningar om nærmare hundre tusen personar. Dermed er NS i Noreg eit av dei best dokumenterte partia i verda. Arkivet syner at 54 651 personar var registrert som medlemmer av NS i Noreg på eit eller anna tidspunkt etter 9. april 1940. Av desse att var det berre 2 691 personar som var medlemmer før 1940 og som fornya medlemskapen etter krigsutbrotet.<sup>76</sup>

Partiet voks ein god del dei tre første krigs- og okkupasjonsåra, inntil medlemstalet kulminerte i november 1943 med 43 400 vaksne medlemmer. Deretter gjekk talet noko ned fram til frigjeringa i 1945. Vi må etter dette rekne med at om lag 55 000 personar var med i NS i kortare eller lengre tid. Det var slett ingen liten organisasjon i norsk målestokk; det tyder at litt mindre enn to prosent av folketalet i Noreg var medlem i NS.

Det mest interessante i dette er likevel at Noreg som samleomgrepet nesten må seiest å vere misvisande. Det viser seg nemleg at fenomenet Nasjonal Samling i Noreg har ein klar regional systematikk i si utbreiing. Partiet hadde sine støttepunkt i området rundt Oslofjorden, det indre Austlandet, det indre Sørlandet, det indre Trøndelag og der til ei lita lomme i Finnmark. Stor-Oslo (Oslo, Asker, Bærum og Follo) hadde i februar 1942 åleine om lag ti tusen medlemmer, over ein firedel av heile hovudorganisasjonen.<sup>77</sup>

Samanlikna med dette kan vi seie at store delar av Vestlandet var immune mot NS, allvisst galdt dette bygdene og særleg i området frå Sogn og nordover til og med Sunnmøre. Medlemstalet i dei aller fleste bygdelaga låg her langt under ein prosent av folketalet, ikkje sjeldan heilt ned mot blanke nullen.<sup>78</sup>

Nasjonal Samling var delt i ein hovudorganisasjon (HO) og ei rad særorganisasjonar. Dei tre største særorganisasjonane var Hirden, Ungdomsforbundet (NSUF) og Kvinneorganisasjonen (NSK). Administrativt var partiet delt i Riksleiinga på nasjonalt nivå og Fylkesorganisasjonar (FO) på regionalt nivå. Kvar FO var igjen delt i tre geografiske underområde: fylke, krets og lag. Ein FO var samansett av fleire kretsar, kvar med ein *kretsfører* og ein kretsstab. Kretsen var igjen samansett av fleire ulike lag, kvar med ein *lagfører* og ein lagsstab. Både Riksleiinga og fylkesorganisasjonane var direkte underordna skiparen og føraren av NS, Vidkun Quisling.<sup>79</sup>

## NS på Sunnmøre

NS-ordføraren i Molde, oberstløytnant og advokat H. J. S. Schneider, var samtidig fylkesinspektør for Den norske Legion i Møre og Romsdal. Han meinte at sunnmøringane var gode soldatar, «men det er en steil og egensindig rase, som hittil har stått uforståande likeoverfor det, som idag fører fremover for vort land, og som ikke er lett å snu, når de har tatt sitt stannpunkt». Schneider trøysta seg med at «kommer tid, kommer råd».<sup>80</sup>

Når det gjeld spørsmålet om utbreiinga av nazismen i Noreg, er problemet vanlegvis kvifor einskilde bygder og regionar var meir motakelege for budskapet til NS enn andre.<sup>81</sup> I dette tilfellet er problemstillinga heilt omsnudd: Kvifor var eit område som Sunnmøre allereie på førehand nærmast immunt mot den nazistiske budskapet? Var sunnmøringane meir patriotiske og hadde dei ein meir høgverdig politisk moral enn t.d. opplendingane eller telemarkingane? Med andre ord: Korleis kan det ha seg at det var så få nazistar på desse kantar?

For det første kan vi som allmenn rettesnor hevde at det er ein klar samanheng mellom ujamn sosialstruktur, klassemotsetning og støtte til NS. Omvendt er det ein like klar samanheng mellom liten klasse-skilnad, jamn sosialstruktur og forkasting av ekstreme politiske løysingar. I nær samanheng med dette ser vi at i område der kristendom og frilynd norskdomsrørsle stod i spenn mot einannan, der hadde nazismen allment sett svært karrige kår. Dette kan òg seiast på denne måten: I område der Venstre framleis stod sterkt, der låg NS allereie på førehand svært tynt an. Det er nærmast regelfast at di sterkare Venstre, di svakare NS.

Gjennom heile mellomkrigstida var Venstre framleis det klart største partiet på Sunnmøre, med eit røystetal som svinga mellom 50 og 60 prosent av veljarane. På Nordmøre stod Venstre klart svakare, og der hadde faktisk NS eit visst tilsig.<sup>82</sup> Det er viktig å merke seg at Quisling og NS allereie før krigen vekte lita interesse på desse kantar. Partiet NS stilte ikkje liste ved stortingsvalet i 1933, og ved stortingsvalet i 1936 fekk det berre tre *promille* av røystene i Møre og Romsdal. I april 1940 hugsa folk flest snautt nok kven denne Quisling var, eller dei mishugsa seg. Møre skreiv interessant nok - og feilaktig nok - at Quisling hadde vore med i regjeringa Hundseid i 1932, «men

Tabell 2. Medlemstal NS Sunnmøre 1941-43<sup>86</sup>

	27.8.1941	1.11.1941	3.4.1943
Hovudorg.	246	274	459
NSUF (ungdom)	15	41	80
Rikshird	30	33	63
Guttehird	10	17	34
Jentehird	20	24	32

gjekk snart ut av denne, då han ikkje fekk medhald i den diktaturånd han alt då vilde innføra».<sup>83</sup>

På Sunnmøre var det på det meste om lag fem hundre NS-medlemmer, ein halv prosent av folketalet.<sup>84</sup> Rundt 300 av desse fanst i Ålesund, som var hovudbastionen for NS i Møre og Romsdal, om nokon slik bastion fanst. Av den resterande delen (240) hadde t.d. Borgund 46, Volda og Dalsfjord samanlagt 27, Ørsta 17, Rovde, Sande, Syvde og Vanylven samanlagt 16 og Hareid, Ulstein, Vartdal og Herøy samanlagt 15.<sup>85</sup>

Det som særmerkjer medlemstilgangen til NS på Sunnmøre, er at tilsiget allment sett var svakt og at det kom saktare og seinare enn det som var vanleg elles i landet. Medan om lag halvparten av totaltalet i landet var innmeldt innan 1941, viser tabell 2 den sterkaste auken i perioden 1942-43.

Laget i Hjørundfjord var det første på Sunnmørs-bygdene, og relativt sett det klart største, i januar 1941 visstnok med 35 medlemmer. I alle fall heitte det at kampviljen var upåklageleg.<sup>87</sup> Men elles var det smått stell. Frå ei bygd heiter det sommaren 1941: «Det kan ikkje vere moro akkurat, slik som her ... å vere einaste NS-mann i bygda.» Frå ein annan stad var situasjonsrapporten like dyster: «Ja det er ikke greit å være tilhenger av NS i disse dager. I alle fall når man skal bekjenne det åpenlyst som jeg har gjort i over ett år. Det er til sine tider jeg fristes til å gi opp.»<sup>88</sup>

Den dårlege oppslutninga vart særleg i starten prøvd kamuflert med ein insisterande optimisme. I oktober 1942 skreiv kretsfører Hansen frå Ålesund til kampfelle Traaholt, som no hadde avansert til leiar i NS Hjelpeorganisasjon, med sete i Oslo: «Om forholdene her i byen er å si at forholdene politisk er betydelig bedre enn for et år siden ... Ellers er Sunnmøre krets nu den procentvis største på

Vestlandet, og Astrup forteller at Ålesund er den procentvis beste byen på kysten.»<sup>89</sup>

Det er som ein ser det. Ulikt talmateriale syner at pr. 5. august 1942 var fem av 30 lensmenn i Møre og Romsdal medlemmer i NS. Det gjev 17 prosent, mot 51 prosent i landsmålestokk. 9. februar 1942 vart det utført ei politisk vurdering av ordførarane over heile landet. I dei 22 kommunane på Sunnmøre var 13 ordførarar motstandarar av NS, medan 6 var lojale mot regimet (utan å sympatisere) og berre 3 var reine NS. I heile Møre og Romsdal med 52 kommunar var 6 NS (ordføraren i Vestnes markert med stjerne), 15 lojale og resten motstandarar. Samanlikna med dette var 75 prosent av ordførarane i Telemark NS, og 82 prosent i Akershus.<sup>90</sup> Samansetjinga av skulestyra i landet pr. mars 1942 viser at Sunnmøre hadde 2,5 prosent NS-medlemmer i skulestyra, mot 33,3 prosent i Romsdal og Nordmøre og 58,5 prosent i Akershus. Sogn og Fjordane stod i ei særstilling med 0.<sup>91</sup>

Det skulle i prinsippet vere eitt NS-lag i kvar kommune, med ein *lagfører* i brodden. I løpet av hausten 1940 vart det bygd opp ein eigen fylkesorganisasjon for Sunnmøre (FO14). Den første *fylkesfører* eller fylkestillitsmann var G. Røe frå Ålesund. Våren 1941 vart Chr. Astrup oppnemnd av V. Quisling som *fylkesfører* for Sunnmøre FO 14. Astrup var eit av dei større namna innanfor NS i Noreg, og vart rekna som ein av dei meir dugande fylkesførarane. Han var utdanna økonom, og kom inn i NS i 1935. Han hadde då tilhald innanfor den sosialradikale Elverums-gruppa, og forfekta den sosialradikale linja innanfor nasjonalsosialismen.<sup>92</sup>

Ut på hausten 1941 vart Sunnmøre FO og Sogn og Fjordane FO slått saman med Bergen og Hordaland FO til Vestlandets fylkesorganisasjon (FO 12) med sete i Bergen, og med Chr. Astrup som fylkesfører. Dermed var det klart at Astrup ikkje ville sleppe taket på det vanskelege Sunnmøre. Men for NS på Sunnmøre verka dette mot si hensikt. I denne perioden vart Sunnmøre organisert som eigen krets og med kretskontor i Ålesund. På mange vis inntok kretsføraren faktisk ei slags fylkesførarstilling, då Bergen låg så langt borte.<sup>93</sup> Herlof Hansen vart sommaren 1941 kretsfører for Sunnmøre. Ikkje eingong for NS var dette eit heldig personalval.

Det tredje store skiftet på regionalt nivå skjedde midt i november 1943, då Sunnmøre krets vart skilt ut frå Vestlandets fylkesorganisa-

sjon og gjekk saman med Nordmøre og Romsdal i Møre og Romsdal fylkesorganisasjon. Administrasjonssenteret vart lagt til Ålesund, som hadde like mange NS-medlemmer som Molde og Kristiansund til saman. Plasseringa vekte sterke reaksjonar i nordfylket, slik at etableringa i Ålesund først kom i stand i oktober 1944, med Thor Taraldsen som ny fylkesfører.<sup>94</sup>

Taraldsen var endå ein importert førartype austanfrå. Han køyrde ei hardare linje i partiarbeidet enn forgjengarane hans hadde gjort. Den nye fylkesorganisasjonen skulle ikkje ha kretsområde, berre lagområde. Taraldsen kvitta seg difor med kretsfører Hansen, og etablerte eit nytt hovudkvarter i Løvenvoldgt. 1 i Ålesund. Men då var det altfor seint til å tru på nokon positiv snunad. Krigen og okkupasjonen gjekk mot slutten.

### *NS i Volda*

Volda NS hadde på det meste om lag tjue medlemmer, men berre halvparten var det vi kan kalle aktive. Denne halvparten kan vi igjen dele i to flokkar, ein litt større moderat flokk og ein klart mindre, meir aktivistisk og til dels aggressiv fraksjon.

Det var berre ein par-tre som skreiv seg inn som medlemmer i 1940. Dei fleste melde seg inn sommaren og hausten 1941 (9), i 1942 (7) og 1943 (4). Dei fleste var menn i alderen frå godt opp i sekstiåra og heilt ned til 16 år. Gjennomsnittet var rundt førti. Fem var kvinner, ei av dei berre for ein kortare periode, og berre eit par av dei var aktive.

Tek vi med dei som på eit eller anna tidspunkt var medlemmer, får vi eit maksimumtal på 24. Materialet er såleis lite, og det er uråd å gje nokon allmenn tendens når det gjeld sosial og yrkesmessig rekruttering. Dei fire kvinnene var rubriserte under nemninga «husmor». Den femte var «sydame». Elles fordeler medlemsstokken seg på 3 gardbrukarar, 3 funksjonærar, 2 kjøpmenn, 2 skuleleear, 1 lensmann, 1 fyrmeister, 1 handverkar, 1 fabrikkengar, 1 tannlege, 1 anleggsarbeidar, 1 jordarbeidar, 1 muskar og 1 pensjonist.

Familiemedlemsskap og familietilknytning var klart nok også i Volda. Om lag halvparten av medlemsstokken hadde ein eller fleire nærskylde mellom medlemene. Vi finn fire ektepar og ein far og son. Huslyden Schumann stiller i ein klasse for seg. Familiefaren Alrich

(f. 1898) vart medlem av NS i desember 1940. Han budde då i Ørsta, der kona var frå. I 1942 flytte huslyden til Volda. Mannen vart rekna som ein iherdig og pågåande nazist. Han var medlem i Hirten, og gjekk ofte med våpen etter vegane, og folk var redd han.

Dei to fremste i Volda NS var personalleiaren og lagføraren. Dei sette sitt klare preg på Volda-samfunnet i samfulle fem år, og skal derfor nemnast særskilt.

### *Personalleder Langlo*

P. L. Langlo som hadde vore tannlege i Volda sidan 20-åra, vart i januar 1939 overført som kaptein i distriktsteneste ved 9. kompani, Nord-Trøndelag IR 13. Etter utbrotet av Vinterkrigen i månadsskiftet november-desember vart store mannskapsstyrkar kalla inn til nøytralitetsvakt. Langlo drog av garde, og vart sjef for 2. kompani ved nøytralitetsbataljonen under IR 13. Tidleg i januar 1940 vart bataljonen send nordover frå Steinkjer til Narvik. Langlos kompani var underlagt bataljonssjef oberst Konrad Sundlo, som visste å verdsetje eigenskapane til Langlo. Månaden etter vart bataljonen overført til Elvegårdsmoen nord for Narvik. Av ukjende grunnar vart kompaniet til Langlo sendt inn att til sjølve byen Narvik, der Langlo sette i gang med å bygge forsvarsanlegg. Langlo var godt nøgd med å få vere i Narvik, då han fekk vere sin eigen herre. Han sette si ære inn på å skape gode soldatar, og han dreiv mykje med øvingsskyting, medan dei andre troppane på Elvegårdsmoen ikkje løyste eit skot.

Om morgonen 9. april låg kaptein Langlo utanfor Narvik med kompaniet sitt. Då dei kom til stillingane sine, var dei allereie omringa av tyskarar, og alle menn vart avvæpna. Om kvelden kom Langlo og ein del andre offiserar seg unna, medan mannskapet vart igjen. Etter ei dramatisk flukt kom offiserane til Bodø, der dei prøvde å få kontakt med militærleiinga. I denne perioden hadde Langlo det vanskeleg med seg sjølv. Han vart heilt ute av seg då han under ein losji fann ein papirlapp der det stod skrive «Sundlo-Langlo».

Frå Bodø kom dei rømde offiserane seg nordover att, og dei dukka omsider opp på Setermoen, der dei vart inntekne i avdelingar ved IR 16. Langlo var glad som eit barn då han fekk på seg uniforma att. Men han vart ikkje teken inn att i noko stridsavdeling.<sup>91</sup>

Hendingane i Nord-Noreg våren 1940 sette djupe merke på Langlo, og då han kom attende til Volda, var han ei tid mykje stillvoren av seg. Men ut over sommaren vart han dregen inn i livet att, som den vakne og samfunnsinteresserte mannen han alltid hadde vore. Somme tykte han begynte å te seg som ein krigshelt. Han erta tidlegare skyttarlagsvenner og spurde korleis det stod til med det fille skyttarlaget no.

Ut på hausten 1940 melde Langlo seg inn i Nasjonal Samling som medlem nr. 1 i Volda. Han vart *personalleder* i laget. Når tyskarar hadde oppdrag i Volda, oppsøkte dei vanlegvis Langlo. Det same galdt autoritetar innanfor NS, når dei var på innsteg her.

### *Lagfører Bakke*

Fridtjov Bakke var 36 år då krigen braut ut. Han var opphavleg frå Larsnes. Han hadde gått på handelsskule i Volda og seinare teke latinartium i 1922. Han hadde vore handelsstyrar på Larsnes, og seinare handelsreisande for Halvorsen & Larsen, Oslo, medan han budde i Volda. Frå hausten 1941 til hausten 1943 var han heradskasserar i bygda. Bakke vart NS-medlem i juni 1941, og han stod løpet ut til kapitulasjonen. Han var medlem i Hirten frå årsskiftet 1942-43, og han hadde svore hirdeiden til førar Quisling. Han var likeins medlem i Germanske SS Norge frå august 1944 til kapitulasjonen. Som om ikkje dette var nok, var han medlem av NS kamporganisasjon, som tok sikte på aktiv frontinnsats. I Volda var Bakke *lagfører* frå hausten 1941 til ut januar 1943. I september 1943 vart han prisdirektør i Molde, og drog dit. Då letta presset i Volda monaleg. Det å vere lagfører var formelt og reelt sett den leiande posisjonen innanfor eit NS-lag, såleis òg i Volda. Men i rangorden stod han nok eit hakk under personalleiaren.

Bakke omtalte seg sjølv under krigen (1943) som «jeg som virkelig er NS-mann». Det hadde han faktisk god dekning for. I Volda var han den mest komplette NS-mannen, om det kan seiast slik. Alt tyder på at Bakke var den farlegaste av NS-medlemene. Det har vore hevda at i Volda var det for ein stor del Bakke som støypte kulene, medan Langlo fyrte av med ubeherska kraft.<sup>96</sup>



*Fridtjov Bakke, (f. 1904), handelsreisande.*



## Lagsstab og lagsaktivitet

NS-laget i Volda kom i gang på eit tidspunkt då stemninga i bygdebyen var på det mest kritiske og oppøste, med englandsfart, arrestasjonar og deportasjonar. Mindre enn nokon gong før var det difor jordsmonn for eit NS-lag i Volda, og det gjekk trått med medlemsvervinga. Samtidige rapportar frå lagfører i Volda til kretsfører i Ålesund stadfester dette. Det var naturlegvis ikkje NS sjølv som hadde skulda, men «jøssingdemagogene», «de engelskorienterte», «de engelsksyke». Frå slutten av september 1941 heiter det m.a.: «Jøssingene driver nemlig en uinnskrenket terror mot de som velger å bekjenne seg til NS. Vi står helt hjelpeløse overfor denne pøbelbande.» Midt i oktober klaga Bakke over at arbeidet med å teikne medlemmer i lang tid har vore utan resultat: «Dette skyldes i første rekke den trusselkampanje som de engelskorienterte driver. Disse består av endel lærere på folke- og de høiere skoler sammen med en del kommunistiske elementer m.m.» Nøyaktig ein måned etter heiter det: «Jøssingene her på stedet blir stimulert på forskjellige måter. Bl.a. skal her blandt dem finnes 2 radioapparater. At dette er riktig kan man høre på de forskjellige nyhetsmeldingene som stadig er helt ferske. Dessuten blir her kjørt med altfor slakke tøiler. Hvis her ikke blir gjort noe effektivt så folk forstår at nu er det alvor og ikke bare tomt prat, så kan vi i NS gå og legge oss.»<sup>97</sup>

17. november 1941 vart NS i Volda endeleg fast organisert. Volda var dermed lag nr. 117 i krets nr. 60 (Sunnmøre) og i fylke nr. 12 (Vestlandet). Møtet vart halde i salongen på Svendsens Hotell. Det møtte fram fem personar, av desse kretsfører Herlof Hansen, som orienterte om korleis lagsorganisasjonen skulle sjå ut. På dette tidspunktet var det 11 innskrivne NS-medlemmer, nøyaktig det same som i Ørsta.<sup>98</sup>

Laget fekk klare instruksar om korleis det skulle arbeide. I eit fortruleg notat frå våren 1941 var eit av kjerneordene «kartlegge», og denne kartlegginga skulle overraskande nok ikkje berre omfatte moglege motstandarar, men òg eigne medlemmer, eller «kampfeller» (kf.); som dei i prinsippet skulle kalle einannan. Det skulle først oppsyn med «medlemmenes arbeide og opptreden», slik at desse «får det rette syn på bevegelsen og dens ideer».<sup>99</sup>

I eit strengt hemmeleg notat til lagførarane frå tidleg i mars 1943

Tabell 3. Lagsstab i Volda NS 1941–45<sup>100</sup>

	17.11.1941	1942–43	1943–45
Lagfører	F. Bakke	F. Bakke	R. Aarflot
Personalleder	P. L. Langlo	P. L. Langlo	M. Aarflot
Organisasjonsleder	P. Håskjold	Helge Heltne	A. Hurlen
Propagandaleder	K. Andersen	A. Schumann	K. Andersen
Økonomileder	E. Olaisen	E. Olaisen	L. Hjorten
Presseleder		L. Hjorten	L. Hjorten
Bondefører	M. Aarflot	M. Aarflot	M. Aarflot

var kravet om sjølvjustis og sjølvkontroll endå meir framtrudande, i rangordning jamvel føre den sjølvsgde rapporteringa om motstandarane: «Efter ordre fra minister Fuglesang anmodes lagførerne om løpende å holde Fylkesføreren og Kretsføreren ajour med alt som foregår innenfor lagsområdet ... Spesielt nevnes stemninger innenfor partiet, spesielle ting som skjer innenfor partiet, rykter og argumenter som framkommer blandt medlemmer, møter og alle tiltak vedkommende arbeidet.»<sup>100</sup>

Førarstrukturen og rapportssystemet skapte i røynda ein heilt sær eigen mentalitet og partikultur. Fråværet av vanlege, legitime kanalar for politisk samtale og usemje forsterka partimotsetningane, og gjorde at partiet vart heimsøkt av «et aldeles infernalsk ryktemakeri». Om ikkje anna, var NS i Volda eit sær godt døme på dette.<sup>101</sup>

På møtet i november 1941 vart det utnemnt ein lagsstab. Dei første par åra skjedde det forholdsvis små justeringar i samansetjinga, inntil den moderate fløya tok over dei sentrale tillitsomboda i 1943. Eit av nyhenda var oppnemninga av ein særskild presseleder i 1942–43, med lensmannsfullmektig Leonard Hjorten som leiar (sjå tabell 3).

Tidleg i juni 1942 vitja kretsfører H. Hansen laget i Volda på nytt, saman med m. a. ein legionær Richter. Kretsføraren kom då inn på at det å vere medlem i NS eigentleg var eit privilegium. Difor måtte det snart setjast ein strek for medlemstilgangen, slik at ikkje den nazistiske flodbølgja sopte med seg alt som var. Han hevda at aust og sør i landet var NS mest fulltallig, som han uttrykte det, slik at «me um ikkje so lenge kan vente at Førare stansar tilgangen, for det er ikkje

tanken at alle skal stå innskrivne i Nasjonal Samling. Det er berre dei beste.» Om kvelden var det ope møte på Framhald. Dei song til slutt «Gud signe vårt dyre fedreland» og eit tre gonger tre heil og sæl til ære for Føraren runga gjennom salen.<sup>103</sup>

Men argumentet om at ein måtte vere brennsnar for å oppnå medlemskap i NS, hadde ingen særleg effekt. I slutten av november 1942 var kretsleiaren frå Ålesund på nytt til stades på eit ope møte på Framhald. Han gav då eit optimistisk oversyn over stoda i kretsen. Men han var sterkt misnøgd med Volda og Ørsta. Her let framgangen vente på seg.

### *Uversskyer*

Volda hadde aldri vore noko krigsmål, verken taktisk eller strategisk. Berre nokre få tyskarar hadde vaktteneste og heldt intendanturdeput på Folkestad. Slik sett hadde Volda til no kome godt ut av det heile. Då voldingane levde i eit slags militært tomrom, kjende folk flest seg relativt trygge og dei leit på kvarandre.

Voldingane kan snautt ha trudd eller rekna med at denne relative tryggleiken skulle vare krigen ut. Etter om lag halvtanna års tolleg sutlaus okkupasjonstilvære hardna det til hausten og vinteren 1941–42. Frontane mellom to heilt motsette politiske prinsipp vart fastfrosne; mellom desse var det ikkje prutningsmon. Anten var ein med, eller ein var imot. Nokon mellomveg fanst ikkje lenger. Jamvel lagføraren i NS var opprædd: «Då det er heilt uråd for meg å få hus i Volda og då eg er uppsagd frå det husværet eg no hev, vil eg hermed søkje um å få rekviert huset til E. Kristvik som no vert ståande tomt.»<sup>104</sup>

Men også innanfor jøssingfronten var folk ottefulle og i villreie. Den omtykte og stødige ordførar Alvestad vart avsett på grått papir; han laut stadig søkje dekning og var aldri heilt trygg. Det same galdt den trauste og trygge lensmann Steinsvik. Lærarskulen vart stengd, og leiande voldingar vart arresterte og sende til Falstad, eller utviste frå bygd og distrikt. Dertil vart sambandslinjene til utanverda og til den lovlege norske regjeringa brotne då radiomottakarane var inndregne. Den gamle og røynde fridoms mannen Anders Vassbotn registrerte alt dette. «Me er komne paa eit vis tilbake til gamletida då det muntlege ordet gjekk mann og mann i millom eller ved sendebod.»<sup>105</sup>

I månedsskiftet september–oktober 1941 vart Olav Thune frå Sogn tilsett som ny lensmann etter Steinsvik, endå han ikkje eingong hadde søkt stillinga. I ein overgangsperiode hjelpte ørstalensmannen Gustav Skodje til med reine rutinesaker. Thune var av gamal lensmannsslekt, og ein rimeleg NS-lensmann. Han var òg godt nøgd med Arthur Hurlen, som nyleg var tilsett som lensmannsbetjent. Og etter at Hurlen hadde arbeidd ved lensmannskontoret ei tre–fire veker, gjekk Thune inn for at Hurlen like godt skulle ta på seg heile lensmannsombodet. Samtidig protesterte Thune telefonisk overfor Innanriksdepartementet på at han uspurd var tilsett i Volda. Han sa at forholda i Volda ikkje var til å halde ut, og at han heldt på å bli overnervøs. Med dette strauk han sin veg.<sup>106</sup>

I mellomtida passa jøssingane i Volda på som smedar. På ulike måtar fekk dei nyss om kva som heldt på å skje. Dei visste om at dei to illgjetne NS-konstablane Skjerve og Braaten begge var liebhabarar til lensmannsombodet i Volda. Dei kjende òg til at det frå anna hald var planar om å få lensmann Sevald J. Wik i Hjørundfjord til Volda. Etter rapportane derifrå var Wik ein lensmann som gjekk inn i den nye tida med liv og sjel.<sup>107</sup>

Jøssingane gjorde difor alt dei kunne for å halde på Hurlen, og for dette fekk dei støtte frå den moderate fløyen i NS, m.a. ordførar Aarflot. Georg Rønnestad fortel: «Hurlen derimot hadde vært der en stund som betjent, og vi hadde et inntrykk av at han ikke tok sitt medlemskap særlig alvorlig. Derfor fikk vi det til at Hurlen blev ansatt, og han skuffet ikke våre forventinger. Han gjorde under vanskelige forhold det han kunde for at vi skulde få minst mulig ulempe av okkupasjonen, og det var den almindelige opfatning at når først vår gamle lensmann var avsatt kunde vi ingen bedre få enn Hurlen.»<sup>108</sup>

### *Nyelensmannen*

Utan at Hurlen kan ha visst om det, var det altså jøssingane i Volda som medverka til at han vart lensmann i Volda, og særleg at han vart halden oppe som lensmann i den turbulente perioden 1942–43. Kven var no den nye lensmann Arthur Hurlen, som på ulike måtar kom til å spele slik ei viktig rolle i Volda under okkupasjonen?

I tjuårsalderen hadde han ei 7–8 år ulike kontorpostar. Eit års tid



reiste han på Finnmarka for firma J. I. Hurleen som seljar av fiskevegn. Midt på trettitalet var han eit par års tid utgjevar av den upolitiske avisa Bygda, som kom ut i Ålesund, med nedslagsfelt i Borgund og Langevåg. Kaptein Lerheim i Langevåg var medredaktør. 9. april 1940 melde han seg til krigsteneste og deltok i krigshandlingane i Romsdalen. Han var ikkje innkalla, men drog heilt frivillig, då han meinte dette var hans simple plikt. Han var usamd i den måten Quisling gjekk fram i april dagane.

Frå sommaren 1940 til seint på våren 1941 hadde han ikkje fast arbeid og var dermed utan fast inntekt. Som arbeidsledig ved Arbeidskontoret i Ålesund vart han i mai 1941 utskriven til dei store tyske anleggsarbeida på Aukra. På denne tida var Hurlen hirdaspirant, og etter tre månader vart han kalla attende til Ålesund av *fylkesfører* Chr. Astrup. Det var nok ikkje heilt tilfeldig. *Hirdfører* Ole M. Kongsvold i Ålesund tilbød han nemleg ei ledig betjentstilling ved lensmannskontoret i Volda. Hurlen fekk deretter nærmast ordre om å vende seg til politimester Myhre, som bad han om å innfinne seg i Volda for å hjelpe til på lensmannskontoret ei tid.

Hurlen var uviss på korleis dette skulle utvikle seg. Han mislikte ikkje tanken på eit mogleg avansement i Volda, endå om det fanst andre konkurrentar. Før Hurlen nesten hadde fått summa seg, fekk han telegram frå konstituert fylkesmann Bugge i Molde om at han var mellombels tilsett som lensmann i Volda frå 1. november 1941.<sup>109</sup> Etter å ha konferert med kona si kom Hurlen til at det ikkje kunne vere urett å ta stillinga, særleg fordi oppnemninga kom frå Bugge, som hørde til restane av det gamle regimet og som langt frå var nokon NS-sympatisør.

Den nytilsette Hurlen budde førebels på Svendsens Hotell. Han var ikkje før installert, før han fekk eit lynkurs i korleis ein skikkeleg rassa skulle gjennomførast. Øvingsarenaen var heimen til John Steinsvik, dit nyelensmannen måtte vise Gestapo til rette. I september var to statspolitibetjentar tilkalla til Volda. Ved det høvet skulle folk ha oppført seg trugande, slik at ein soldat løyste eit varselskot, og ein tysk postmann likeins. Statspolitiet og lensmannen rykte då ut og fekk folk i hus.

Det gjekk ikkje lenge før det var klart at den harde kjernen i det lokale NS-laget var ute etter Hurlen. På ulike måtar prøvde dei å skræme han bort. «Det inntraff sig at jeg på mitt verelse på hotellet om

natten fikk innkastet ruten, idet en stor stein blev sylt inn så ruten gikk i knas og rammet hodegjerdet på min seng.»<sup>110</sup> Ein ettermiddag ved nyårsleite 1941-42 ringde Langlo til Hurlen og sa at han måtte kome ned på kontoret til han, då han hadde noko viktig å fortelje. «Han kunne da fortelle at der fra london radio hadde været en kraftig utsending om mig at det snart skulle bli min tur og bli tatt. Dette var efter Måløytragedien. Jeg sa da til ham hvordan kunne du ha lyttet på london. Jo jeg holdt på å søke og så inntraff London og når jeg hørte at han en lang stund behandlet dig så måtte jeg høre. Jeg fikk senere bekræftet denne sending fra folk i Ålesund, og Tyskere som skulle ha hørt det. Når jeg kommer til hotellet om kvelden så sier fru Seemann Knudsen til mig at det ryktes at London har snakket om dig 2 ganger no, så nu blir det ikke greit, Jeg bare bad min herr Politimester om en revolver og lofte på at jeg skulle nokk være på min plass.»<sup>111</sup>

### London

Sannsynlegvis var dette ein lekk i nervekrigen mot Hurlen. Ved årsskiftet 1941-42 var nyelensmannen allereie hardt pressa og mykje stressa. Rett etter Måløyraidet skal han ha sagt ope ut: «Når nu engelskmenne kommer til Volda, da kommer de opp på mitt kontor og spør meg: Hva har du gjort? Jeg, jeg har ikke gjort noe, jeg, jeg har vært lensmann i Volda. Jeg kan gjerne gå over til dere.»<sup>112</sup> Alt dette brukte den harde NS-fløyen mot Hurlen. Det var òg lensmann Hurlen som måtte ta støytten for tjuvlyttinga på London. Det vart sagt at han vart invitert ulike stadar og traktert med kaffi, medan andre nytta høvet til å lytte på London.

I ein rapport midt i november 1941 klaga NS Volda over at dei framleis arbeidde mot ein kompakt masse. «Jeg tror det ville hjelpe betydelig på stillingen om vi fikk en avdeling tyske soldater på ca. 20-30 mann stasjonert her i Volda.»<sup>113</sup> Månaden etter spurde dei «om vi i dagene 18.-20. desbr. kunne få nedover 20-25 mann av hirden i Ålesund til å foreta husundersøkelser efter hamstringslager og ulovlige radioapparater».<sup>114</sup>

Hurlen fekk stadige påminningar om ulovleg radiolytting, og meir eller mindre motviljug måtte han rykke ut. Heile vinteren 1941-42 fekk lensmannen hjelp frå den eine tyske troppen etter den andre.

Folk på Engeset såg korleis tyske soldatar gjekk frå hus til hus og kontrollerte. Då dei kom opp til Andreas Feden, undersøkte dei grundig frå golv til loft. Dei fann endeleg ei gamal munnladningsbørse som dei tok fram og hivde på golvet. Komen fram til Peder Osdal stod huseigaren sjølv akkurat nede ved brunnen sin. Då han kom opp att, såg han 15 grøne soldatar i full krigspuss. «Peli» utbraut då på sin rolege og saktmodige måte: «Nei, e' de' sånne fæle krigara' ute og går.»<sup>15</sup> Han fekk ikkje noko svar, men lensmann Hurlen var ikkje svarlaus. I ein rapport hevda han at tyskarane avpatruljerte og undersøkte hundre hus i Volda utan å finne så mykje som eit radioapparat. «Det hele var rene sjære tull fra ende til andet. Men at der var radio ute, men på andre steder det betviler jeg ikke.»<sup>16</sup>



Peder («Peli») Osdal (f. 1898), småbrukar.

### Aldalen

Berre ein gong fekk Hurlen fatt i ein radio - og det var i ei hytte i Aldalen. Radioforhandlar L. K. Ervik vart i slutten av september 1941 meld til det tyske sikkerhetspolitiet for å ha lytta ulovleg, og seks framande personar skulle ha vore involvert. Politiet tok frå han eit Huldra-apparat som var innlevert til reparasjon og såleis ikkje kunne leverast ut att, sidan apparata var inndregne. Etter strenge forhøyr slapp Ervik unna, sidan han hadde lov til å ha slike apparat på lager. Den 30. januar 1942 kom eit par representantar for det tyske sikkerhetspolitiet og ein tysk offiser i bil med kvar si reisedame. Dei køyrde fram for butikken til Ervik og stengde alle dører. I samfulle tre dagar huserte dei og drog inn alt av utstyr i radio, elektrisk materiell, verkty og måleinstrument. Ervik vart forboden å ha noko meir med radio og elektroteknikk å gjere. Men dei fekk ikkje noko på han denne gongen heller.

Etter dette var det stilt ei tid om radioapparata. Laurdag før jul 1942 kom fabrikkengar P. V. P. Grevstad til Ervik og bad om å få utlevert ein reiseradio han hadde ståande hjå Ervik til reparasjon. Han sa at han skulle inn i hytta i Aldalen den kvelden, og ville kome att dagen etter. Ervik svarte at han ikkje hadde lov til å levere ut apparatet.

Grevstad spurde då om Ervik ikkje kunne prøve det for å sjå om det er i orden. – Nei, svarte Ervik, du ser vel at butikken er full av folk, men apparatet er i orden. Grevstad tok likevel apparatet på eige ansvar og stakk det i ryggsekken og gjekk. Han følgde ein lastebil, og saman med seg hadde han venen P. O. Fremmerlid. Ein annan ville gjerne vere med, men vart avvist. Han gjekk då i staden til tannlege Langlo og fortalde kva som gjekk for seg i Aldalen. Langlo ringde då med ein gong til Hurlen og kravde at lensmann og betjent Hjorten skulle bli med han inn i Aldalen for å pågripe ein radiolyttar. Dei leigde ein bil og drog då det hadde mørkna. Grevstad vart pågripen og apparatet kverrsett.

Grevstad vart henta til Ålesund og forhøyrd der. Ervik høyrde ikkje meir. Grevstad kom heim att og alt tyktest vere i orden. Ein mann spurde Langlo om korleis sakene stod. Han svarte at med Grevstad var det i orden, men kor det kunne gå med han Ervik, det visste ingen.<sup>17</sup>

### Hovudet mot veggen

Det nye politiske prosjektet gjekk som nemnt ut på å gjennomføre ei nasjonalsosialistisk omvelting i Noreg. Naziideologien skulle heretter herske i alle medium og ved alle offentlege institusjonar. I 1940-41 var den lenge etterlengta makta der; det var berre å forsyne seg. Og nazistane forsynte seg så godt dei kunne. Volda fekk naziordførar, og kommunestyringa vart nazifisert. Lagføraren vart tilsett som heradskasserar i Volda. Kretsføraren i Ålesund understreka at det «blir heretter i hver kommune praktisert den ordning at enhver søker blir prøvet politisk, det vil si at kretskontoret her skal herefter i hvert eneste tilfelle uttale sig».<sup>18</sup>

Men etter ei tid verkar det som om det nye regimet stanga hovudet mot veggen. Personalleiaren gjekk i februar 1942 inn for at lagføraren skulle bli ny ordførar, men utan å lukkast. Våren 1942 sende lagføraren sjølv namneframlegg til eit heilt nytt heradsting, både ein og to gongar. Men både lagførar og ordførar hadde store vanskar med å få sett opp ei namneliste som var stort meir enn eit uthengsskilt (jf. 111).

På lagsmøte 30. mai 1942 vart det vedteke å be ordføraren om å aktualisere tanken om kommunal kino i Volda. Lagføraren purra stadig og utolmodig på dette. Samtidig gjekk lagsmøtet inn for at herad-

stinget skulle løyve fem tusen kroner til Den norske legion.<sup>119</sup> Også dette vart avvist. På eit lagsmøte tidleg i oktober 1942 var 9 personar til stades for å drøfte saker som skulle opp i heradstinget. Det vart bestemt at ein NS-mann skulle oppnemnast som formann i kinostyret «for å kontrollere at der for fremtiden kun blev fremvist positiv film». Saka var oppe i heradstinget 3. oktober. Men utfallet var negativt. Då det var Søre Sunnmøre sjukehus som eigde kinomaskina, og drifta heile tida hadde vore til inntekt for sjukehuset, «finn ein ikkje at det er høve til f.t. å gå til skiping av kommunale kino.»<sup>120</sup>

På lagsmøtet 9. januar 1943 kravde laget å få flest mogleg NS-folk inn i dei kommunale nemndene, m.a. slik at lagføraren vart formann i kinonemnda og folkeboksamlinga, og at A. Schumann vart ny formann i den kommunale kontrollnemnda (prismemnda).<sup>121</sup> Men heller ikkje dette gjekk. Ordføraren var samd i prinsippet, men ikkje utan vidare: «Men sjølv sagt - visse fyresetnader må gjelda. Det er ikkje nok at ein berre er NS-medlem.»<sup>122</sup> Dette var salt i såret for lagfører Bakke, som klaga til sine overordna over at i Volda var det umogleg å gjenomføre eit einaste påbod: «Var det ikke på tide å få undersøkt hvem som er beskytter for jøssingene her på stedet.»<sup>123</sup>

Både lagføraren og dei mest innbitne NS-medlemene vart etter kvart både frustrerte og vonsvikne. Ikkje eingong naziordføraren ville vere dørøpnar. «Med hensyn til Volda folkeboksamling så nevnte Aarflot at man burde bruke jøssingene til disse forskjellige ting, når de ikke bent frem nekter.»<sup>124</sup> På bakgrunn av dette vart den harde kjernen meir og meir misnøgd med ordførar Aarflot. Etter ei tid meinte både lagførar og personalleiar at ordføraren i Volda ikkje på noko punkt fylte dei krava som burde stillast til ein NS-ordførar. «Jeg synes det er meget beklagelig at en politisk maktspekulant som Aarflot skal faa ta knekken ogsaa paa de som lojalt og villig samarbeider med NS ... Da han dessuten rent saklig sett er helt ukompetent ... foreslår jeg at her ansettes en helt uvedkommende rådmann som er voksen for sin oppgave. I motsett fall fralegger jeg mig hermed alt ansvar for partiets videre utvikling her i Volda.»<sup>125</sup>

Personalleiaren akkompagnerte: «Jeg har gjennomgått så meget på grund av mitt medlemsskap i NS at jeg vil takke den mann av hele mitt hjerte som vil gi meg papirer på at jeg ikke er medlem av NS under slike forhold vi her lever under.»<sup>126</sup>

Ordføraren var ikkje svarlaus, og skaut attende: «Det er ikkje å vente at nokon gjeng inn i NS i Volda solenge Langlo gjeng umkring og brøler og galnar seg.»<sup>127</sup>

### *Strid i rosenes leir*

Om den harde fløyen ikkje kom nokon veg med voldingane og jøssingane, var det etter instruksane fullt mogleg å vende blikket innover mot meir interne forhold. Dei vart mistenksame mot sin eigen ordførar, som dei tykte stengde vegen for vidare inntrenging i det lokale styringsverket. Og dei vart meir og meir irriterte og harme på lensmannen, som dei meinte var visargut og gjekk ærend for jøssingane.

Åtaka på Hurlen starta så snart han hadde etablert seg i Volda hausten 1941. Det kom stadige rapportar til Ålesund om kor misnøgd den harde fløya i NS Volda var med Hurlen. Det galdt t.d. klage på mangelfull plakattoppsetjing. Ved eit tilfelle kom hirdungdomen Per Eker frå Ålesund innover og gav Hurlen ei kraftig overhaling for nettopp dette. Ut på våren 1942 fekk lensmann Hurlen eit diskret vink frå sorenskrivarfullmektig Jakobsen om at det bak kulissane vart arbeiddd for å avsetje han som lensmann. Jakobsen la til at dette slett ikkje var ønskeleg, og at han difor burde reise til Ålesund for å gjenopprette forholdet slik at han kunne få halde fram som lensmann. Med på vegen fekk han ein fin attest frå sjølvaste sorenskrivaren. Blom meinte rett nok at den urøynde Hurlen hadde vore noko ubehjelpelig i starten. Han var likevel rask til å rette seg etter dei råda han fekk, og stort sett klarte han å utføre dei oppdraga han fekk på ein tilfredsstillande måte. «Da han dertil har en høflig og omgjengelig optreden, har han vært meget behagelig å samarbeide med.»<sup>128</sup>

Tidleg i juni 1942 sende lagfører og personalleider av garde eit klageskriv på Hurlen til politimeisteren i Ålesund. Konklusjonen var at Hurlen snarast måtte fritakast for lensmannsombodet, og at Leonard Hjorten mellombels vart tilsett i hans stad. Hjorten måtte dernest snarast mogleg få hjelp «i efterforskningsarbeidet med forsømte politisaker av en fullt utdannet mann».<sup>129</sup> Dette gjekk den moderate fløya beint imot, då denne grupperinga meinte det var heilt uforsvarleg at Hurlen skulle avsetjast. Dei vende seg beinveges til fylkesfører Astrup i Bergen og skreiv at Hurlen arbeidde svært bra i Volda, og dei hadde ingenting

å seie mot det Hurlen gjorde som lensmann og som NS-mann. Skulle det vere noko, måtte det vere det som godt var. «Skal Han forflyttes fra Volda vil det bli utaalelig for oss NS medlemmer. Han har maktet og skaffe ro og orden og vunnet sig stor respekt. Hans store arbeide som Han har nedlagt her i Volda fortjener ikke slik behandling.»<sup>130</sup>

Tidleg på nyåret 1943 prøvde politibetjent Braaten ved Statspolitiet i Trondheim å rydde opp i den interne striden i Volda. Han påpeikte overfor fylkesfører Astrup i Bergen at han berre måtte slå fast «at forholdet blandt NS medlemmer der er meget dårlig». Ein viktig grunn til striden var påstanden om at lensmann Hurlen stod «i et meget godt forhold til stedets jøssingkredser». Han orienterte om at det vart arbeidd med å flytte Hurlen til Hjørundfjord, slik at lensmann Sevald Wik kunne overta Volda. «Jeg vil anbefale denne overflytting ... Jeg vil anmode Dem som fylkesfører, at der må bli grepet inn i sakene i Volda. Det er bedre å få rensket ut de partimedlemmene som ikke kan rette seg inn under de nye forhold, enn at hele NS-laget i Volda blir utslettet.»<sup>131</sup>

Straks etter sette den harde fløyen alt inn på eitt kort. Den 30. januar 1943 søkte lagfører Bakke, propagandaleder Schumann og personalleder Langlo om å bli fritekne frå sine tillitsverv. Dei heldt likevel framleis døra på glytt. Dersom Volda og Hjørundfjorden fekk byte lensmenn, skulle alt kunne bli bra igjen. Fylkesføraren svarte nokre dagar etter, og utan særleg entusiasme sa han seg samd i at Hurlen vart skifta ut med Sevald Wik.<sup>132</sup>

Ordførar Aarflot skreiv då beinveges til fylkesmann Kvadsheim i Molde, der han hadde ein god støttespelar. «Dei dårlege forhold mellom NS i Volda skriv seg frå at tvo medlemmer, P. L. Langlo og lagfører Bakke, hev sett seg som mål å få lensmann Hurlen burt. Grunnen til det igjen er vel at Hurlen ikkje heilt hev stetta deira personlege krav til lensmannen.» Ordføraren gav elles Hurlen dei aller beste vitnemål. Han tykte det var fare urett fram mot Hurlen, og sa dette klart til dei to som ville ha han bort. Det var som NS-medlem og som menneske han ville forsvare Hurlen. Lensmannen var ein jovial mann som kunne omgåast alle og likte å ordskiftast med kven det skulle vere. «Eg hev etter kvart fått eit bra kjennskap til han - og veit ikkje mange meir ærlege og trufaste NS-medlemmer enn Hurlen ... eg vilde synest betre om at ordføraryrke vart teke frå meg. Kanskje det kunde hjelpe.»<sup>133</sup>

Ut på våren 1943 kulminerte striden og maktkampen innanfor NS i Volda. Gjennom politibetjent John G. Olsen ved Statspolitiet i Trondheim vart det gjort ein aller siste freistnad på å mekle mellom partane. I ein rapport påpeikte statspolitibetjenten at talet på aktive medlemmer i Volda var om lag 15 av eit folketal på fem tusen, «så man kan tenke seg tilskuertallet til denne feide meget stort». Han drog opp skiljet mellom dei to fløyane i Volda. «Disse to fronter motarbeider hverandre i alle ting, og denne taugtrekning er til stor moro for Voldas mange jøssinger.» På den eine fløyen stod NS' førstemann i Volda, tannlege og kaptein Langlo, saman med Bakke og Schumann. Av desse var Langlo den mest aggressive. På den andre sida stod særleg Hurlen og Aarflot, som han kalla «disse to stridshaner». Han påpeikte at Langlo hadde temperament, noko Langlo sjølv ikkje la skjul på: «Dette er Langlos egne ord, og man kan da tenke seg til at det er månelyst enkelte ganger på NS-møter i Volda.»

Det vart sett opp ein slags æresrett, då det etter førarprinsippet ikkje var stort andre måtar å løyse slike konflikhtar på. Ankemålet mot Hurlen var igjen at han brukte å gje jøssingane i bygda sensitive opplysningar om interne forhold, kven som rapporterte, snikmelde m.m. På denne måten vart dei aktive og innbitne NS-folka utsett for direkte og utolelege angrep frå jøssingane. Langlo sa i den samanhengen at «Hurlen var totalt umulig å ha». Statspolitibetjenten konkluderte derimot for sin del med at det var ordførar Aarflot som hadde skulda: «Han bør utskiftes, og en yngre mere kompetent mann bør få denne ansvarsfulle stilling.»<sup>134</sup>

Ut i august 1943 gjorde kretsfører Herlof Hansen endå ein freistnad på å få lensmann Hurlen bort. Det ville aldri bli ro om NS i Volda medan Hurlen var lensmann, hevda Hansen: «Han er meget svak som NS-mann og heller ikke skikket til lensmannsvervet, i alle fall ikke på et sted som Volda, hvor motstanden mot NS har vært særlig stor.»<sup>135</sup>

Fylkesmann Erling Kvadsheim hadde det endelege ordet, og tykte no at nok var nok. Han meinte at det meste av det som hadde vore sagt og skrive om Hurlen, burde ha vore uskrive. Han hadde rett nok snakka med Hurlen om å søkje seg vekk frå Volda, noko Hurlen ikkje var huga på. I departementet hadde dei heller ikkje oppfatta saka som så opplagt at det var grunn til å reagere med oppseiing. Det var ikkje berre Hurlen dette gjekk ut over, men «en gammel hedersmann» som

Aarflot vart òg utruleg rakka ned på. Fylkesmannen hadde registrert at ordførar Aarflot sjølv hadde stilt sin plass til disposisjon, då han gjerne ville få slutt på nedrakkinga. «Jeg synes ikke dette er noen mannfolks adferd, men riktig sladderkjerringsattest.»<sup>136</sup>

### Stemningsomslag

Etter at alt dette hadde tømt seg, vart det utnemnd ny lagfører og ny lagsstab. Langlo deltok ikkje lenger i lagsmøta, Bakke vart prisdirektør i Molde og Schumann vart økonomisjef ved NS-kontoret i Ålesund. Etter dette letna presset både innanfor og utanfor NS i Volda monaleg. Samtidig vart Leonard Hjorten presseleder i



Leonard Hjorten  
(f. 1917), kontor-  
mann.

NS Volda, og i slutten av mars 1943 vart det oppretta ei ny fast spalte i Møre som heitte «NS Volda».

Det trugande maktspråket vart no for det meste borte. I staden strekte NS i Volda ut ei hand til samarbeid. «Sjølv om ein har ulike meiningar på ymse område, so skal ein kunne samarbeide på andre omkverve. Dette er kulturteikn, daning og åndeleg balanse. Lat det vere sagt voldingar. Som sambygdingar arbeider me saman for betre vilkår i bygda, og dermed for betre kår for alle. Dette er vårt sosiale liv. Vi eig mykje saman, vi har vårt særkjenne, vi eig det sereigne nedarva og det til varetekt og utbetring overlatne ... Det er vårt nasjonale liv. Det som blømer i samkjensle, men visnar i indre splid og hat. Dette vårt sameige vil vi verje, verje mot ytre tynande makt og indre villfaring. Difor arbeider me saman for alt verdfullt for bygda og landet, og vinn oss samkjensle for komande tider - tider som set vår samkjensle på prøve.»<sup>137</sup>

Tidleg i juli 1943 retta NS-spalta i Møre eit spørsmål til dei intellektuelle i bygda. Kva var eigentleg problemet? «Tyskland representerer ein av livslova skapt reaksjon mot dei krefter som førde Europas folk mot ulivnad, avgrunn og undergang, nemleg det jødisk-kapitalistiske livssyn som feste seg i England og Russland, og som derifrå ville føre denne gift inn i dei andre europeiske folk. Våre heimlege intellektuelle evnar ikkje eller vil ikkje skyne dette. Men det er vel som Vinje seier: «Dei største tankar titt du vil få av deim du trudde det minst».

Rundt jonsok 1944 vart innhaldet i spalta meir sår og klagande, med ein undertone av vonsviken beiskleik:

Lat det berre vera fårleg å melde seg  
inn i NS. Så vil vi få dei modige.  
Lat det berre vere fullt av offer, så  
vil vi få dei uegennyttige  
Lat det berre vere ringeakta. Så vil  
vi få dei usnobbete.  
Lat det berre vere «en håpløs sak». Så  
vil vi få dei sterke i trua.

Og framunder jul same året heitte det:

Til deg  
som kjempar åleine  
og må lida kvar dag for di tru  
fordi du har mod til å meine  
noko anna enn ålmennt tabu